

# A – Innsparingstiltak drift

Beskr.	Tiltak i drift (i tusen kroner)	Virknings- tidspunkt (dato)	2025	2026	2027	2028
<b>Fellesutgifter og fellesinntekter</b>						
A1.1	Redusere tilskudd til Høgskolesenteret i Kr.sund (HIKSU)	01.01.2026		1 260	1 260	1 260
A1.2	Tilskotsmidlar: By og tettstedsutvikling - Sundbåten	01.01.2025	1 000	1 000	1 000	1 000
A1.3	Lyntogforum	01.01.2025	270			
<b>Totalt fellesutgifter og fellesinntekter</b>			<b>1 270</b>	<b>2 260</b>	<b>2 260</b>	<b>2 260</b>
<b>Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjoner</b>						
<b>Totalt fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjoner</b>			-	-	-	-
<b>Bygg- og eieendomstenester</b>						
A3.1	Omstilling av drift knytt til arealeffektivisering og utvida opningstid	01.01.2026		500	500	500
A3.2	Omstilling av drift med bruk av sensorikk for å redusere inspeksjonsoppgåver	01.01.2026		200	200	200
A3.3	Nedlegging Tingvoll vgs (ses i sammenheng med A4.1 og A8.14)	01.08.2025	500	2 368	2 368	2 368
<b>Totalt bygg- og eieendomstenester</b>			<b>500</b>	<b>3 068</b>	<b>3 068</b>	<b>3 068</b>
<b>Kompetanse- og næringsområdet</b>						
A4.1	Nedlegging Tingvoll vgs (ses i sammenheng med A3.3 og A8.14)	01.08.2025	- 100	- 1 968	- 1 968	- 1 968
A4.2	Tilskot til bedriftsintern opplæring (BIO)	01.01.2025	1 000	1 000	1 000	1 000
A4.3	Mobpro - mobilisering til forskingsprosjekt	01.01.2025	1 000	1 000	1 000	1 000
A4.4	Tiltaksfondet	01.01.2024	2 000	2 000	2 000	2 000
<b>Totalt kompetanse- og næringsområdet</b>			<b>3 900</b>	<b>2 032</b>	<b>2 032</b>	<b>2 032</b>
<b>Fagskolen i Møre og Romsdal</b>						
A5.1	Reduksjon i fylkeskommunalt tilskot	01.01.2025	2 000	2 000	2 000	2 000
<b>Totalt Fagskolen i Møre og Romsdal</b>			<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>
<b>Tannhelseområdet</b>						
A6.1	Distriktstannklinikken Eide, samlokalisering med Dtk Elnesvågen	01.01.2028				500
A6.2	Distriktstannklinikken Averøy, samlokalisering med nye Kristiansund kompetansekinikk	01.01.2026		610	610	610
A6.3	Distriktstannklinikken Midsund, samlokalisering med Molde kompetansekinikk	01.01.2027			191	191
A6.4	Distriktstannklinikken i Stranda, samlokalisering med distriktstannklinikken i Sykkylven	01.01.2026		181	181	181
<b>Totalt tannhelseområdet</b>			-	<b>791</b>	<b>982</b>	<b>1 482</b>
<b>Kulturområdet</b>						
A7.1	Redusere programsatsingane Ein bit av historia og Verdiskaping kulturell og kreativ næring	01.01.2025	1 000	1 000	1 000	1 000
A7.2	Den kulturelle spaserstokken	01.01.2026		1 000	1 000	1 000
A7.3	Redusere verkemidlar øyremerka til folkehelsearbeid i kommunane frå 2027	01.01.2027			2 000	2 000
<b>Totalt kulturområdet</b>			<b>1 000</b>	<b>2 000</b>	<b>4 000</b>	<b>4 000</b>
<b>Samferdselsområdet</b>						
A8.1	Reversering av PS-05/24 knytt til ferjetilbod	01.05.2025	7 158	9 600	9 600	9 600
A8.2	Reduksjon ferjetilbod, i tråd med alternativ 1A frå T-49/23	01.05.2025	5 483	10 390	10 390	10 390
A8.3	Reduksjon i rutetilbod på ferje, utover tilråding i T-49/23	01.05.2025	24 506	36 750	36 750	36 750
A8.4	Reduksjon i bestillingstransport	01.01.2025	2 940	2 940	2 940	2 940
A8.5	Nedlegging Hamnsundruta	01.01.2027			25 000	25 000
A8.6	Auke med 1 takstzone på alle betalende fylkesferjesamband	01.01.2025	16 160	16 160	16 160	16 160
A8.7	Auka med ytterligere 1 takstzone på alle betalende fylkesferjesamband	01.01.2026		16 099	16 099	16 099
A8.8	5 takstsoner for turistar på gratissamband og Eidsdal-Linge mai-aug	01.05.2025	11 353	11 353	11 353	11 353
A8.9	Endring i FRAM Ung	01.01.2025	2 000	2 000	2 000	2 000
A8.10	Auke takst hurtigbåt	01.01.2025	900	900	900	900
A8.11	Kutt av tilskot til Sundbåten	01.01.2025	300	300	300	300
A8.12	Reduksjon i rutetilbod på buss	01.01.2026		7 000	7 000	7 000
A8.13	Nedkjøp i tenester og omfang på trafikkterminalar	01.01.2026		3 000	3 000	3 000
A8.14	Nedlegging Tingvoll vgs (ses i sammenheng med A3.3 og A4.1)	01.08.2025	- 400	- 400	- 400	- 400
A8.15	Reduksjon i opprusting og fornying av fylkesveg	01.01.2026		30 190	30 190	30 190
<b>Totalt samferdselsområdet</b>			<b>70 400</b>	<b>146 282</b>	<b>171 282</b>	<b>171 282</b>
<b>Totalt alle områder</b>			<b>79 070</b>	<b>158 433</b>	<b>185 624</b>	<b>186 124</b>

# 1. Fellesutgifter og fellesinntekter

## A1.1 Redusere tilskotet til Høgskolesenteret i Kristiansund (HIKSU) frå 2026

### Omtale:

Viser til sak T-41/22 om internship-programmet kor det var sagt følgande:

"Fylkeskommunedirektøren viser til at Møre og Romsdal fylkeskommune i dag gir eit årleg tilskot på 1,2 mill. kroner til Høgskulesenteret i Kristiansund. I takt med at verksemda som i dag blir husa på Høgskulesenteret flytter inn på Campus Kristiansund kan det vere aktuelt å sjå nokre av desse ressursane i samanheng, noko som ein i så fall vil kome tilbake til."

Frå hausten 2024 vil høgskolen i Molde flytte inn på Campus Kristiansund, og det vil dermed ikkje vere behov for eit eige tilskot til Høgskolesenteret i Kristiansund framover. Eigarane av HIKSU, derunder Møre og Romsdal fylkeskommune, har sett i gang eit arbeid for å greie ut moglegheit for å opprette ein kunnskapspark i Kristiansund. Fylkeskommunedirektøren avventar konklusjonen frå det arbeidet, og kjem tilbake til saka i økonomiplan 2026-2029.

### Konsekvens:

Tiltaket har ikkje større konsekvensar.

## A1.2 Tilskotsmidlar: By- og tettstadsutvikling – Sundbåten

### Omtale:

I sak T-107/22, om økonomiplan og budsjett for 2023-2026 blei det vedteke at «1 mill. av byutviklingsmidlane skal disponerast til å oppretthalde gratis tilbod på Sundbåten». Sidan prosjektet «Byen som regional motor» vart avvikla i 2023, skulle det vore tydeleggjort i budsjettet for 2024 at tildelinga tok slutt. Når det ikkje vart gjort, er det ryddig at tilskottet til Sundbåten blir vidareført i 2024, men frå 2025 er det foreslått å avvike dette tilskotet.

### Konsekvens:

Tiltaket har som konsekvens at innbyggjarane i Kristiansund igjen må betale billett for å ta Sundbåten.

## A1.3 Lyntogforum

### Omtale:

Lyntogforum Møre og Romsdal er etablert i samarbeid mellom næringsliv, fylkeskommunen og kommunane langs traséen for å arbeide for en høghastigheitsbane i eit fleirbrukskonsept for langdistanse-, regional- og godstrafikk til Møre og Romsdal, som grein av Oslo–Trondheim via Gudbrandsdalen, i nettverket Dovresambandet.

Det er Lyntogforum i fem fylker; Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli, med fylkesavdelingar i Rogaland, Vestland og Vestfold og Telemark, Lyntogforum Gudbrandsdalen/Mjøsa og Lyntogforum Møre og Romsdal. Finansiering av arbeidet og

informasjonstiltak er lagt opp som eit breitt spleiselag mellom deltakande kommunar, fylkeskommunen og bedrifter/organisasjonar, jf. medlemsoversikt i rekneskapen. Møta var i 2023 gjennomført som opne videomøter for alle deltakarane i forumet. Lyntogforum i 2024 vart etter val, konstituert med Anders Lindbeck (medlem av samferdselsutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune) som leiar og Turid Humlen (ordførar i Sula kommune) som nestleiar.

Ålesund kommune gjorde i september vedtak om å gå ut av lyntogforumet frå 2024.

**Konsekvens:**

Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til det arbeidet som Norsk Bane AS og Lyntogforum Møre og Romsdal har gjort for å sette høghastighetstog på dagsorden. Gjeldsgraden til fylkeskommunen gjer at ein rekke samferdselsinvesteringar vil bli skyvd ut av den kommande økonomiplanperioden. I den kommande økonomiplanperioden vil fokuset vere å bruke ressursane på å forlengje levetida til det fylkesvegnettet vi allereie har, samstundes som at forfallet til fylkesvegane våre er stort og aukande. Togdrift ligg utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde for samferdsel, og lynhastighetstog er ikkje eit område Møre og Romsdal fylkeskommune kan prioritere å bruke midlar på.

## 2. Stabsfunksjonar

## 3. Bygg- og eigedomstenester

### A3.1 Omstilling av drift knytt til arealeffektivisering og utvida opningstid

**Omtale:**

Arealeffektivisering og utvida opningstid står som ein naturleg del av effektivisering av formålsbygga frå fylkeskommunen. Tiltaket må avstemmast i tett samhandling med KON, Samferdsel og Tannhelse. Med nytt system for arealstyring kan Bygg og eigedom få oversikt over moglege arealeffektiviseringar. Det er ei målsetjing å hente inn ei innsparing på 500 000 kroner med verknad frå 2026.

**Konsekvens:**

Omstilling av drift knytt til arealeffektivisering og utvida opningstid inngår som ein naturleg del av effektivisering i Bygg og eigedom. Konsekvensen av tiltaket er ikkje alvorleg for liv og helse, og situasjonen vil ta omsyn til arbeidssituasjonen for dei tilsette. Konsekvensen av at desse midlane går til innsparing og ikkje til vedlikehaldsbudsjettet er bekymringsfull.

### A3.2 Omstilling av drift med bruk av sensorikk for å redusere inspeksjonsoppgåver

**Omtale:**

Det blir sett fokus på å bruke sensorikk for å redusere talet på inspeksjonsoppgåver, noko som kan frigi tid til vedlikehaldsoppgåver av bygg og anlegg. Sensorikk kan også bidra til at reinhaldsfrekvensar tilpassast eller at varme, ventilasjon, renovasjon og vatnforbruk kan lesast av og gi resultat som reduserer eller effektiviserer forvaltning, drift, vedlikehald og reinhald av bygg og eigedom. Årleg innsparing er oppført med 200 000 kroner frå 2026.

**Konsekvens:**

Installasjon og vidareutvikling av sensorikk har låg konsekvens for liv og helse og vil naturleg bli innført som ledd i vidareutvikling og profesjonalisering av drifts og vedlikehaldsmetodar. Konsekvensen av at desse midlane går til innsparing og ikkje til vedlikehaldsbudsjettet er bekymringsfull.

**A3.3 Nedlegging Tingvoll vgs (ses i sammenheng med A4.1 og A8.14)**

**Omtale:**

Sjå tiltak 4.1 for omtale.

**Konsekvens:**

Sjå tiltak 4.1 for konsekvens.

## 4. Kompetanse- og næringsområdet

### A4.1 Nedlegging Tingvoll vgs (ses i sammenheng med A3.3 og A8.14)

#### Omtale:

Det har dei siste åra vore ujamn og låg søking til Tingvoll vgs. Det er vanskeleg for skolen å fylle ordinære klasser og fleire av tilboda er oppe i saka om «tilbod som ikkje kjem i gang» kvart år i mars. Skolen har grunna overføring av elevar frå andre distrikt fått auka elevtalet, men desse elevane sluttar ofte tidleg i skoleåret. Det er no 73 elevar ved skolen.

Det vil ikkje krevje oppretting av nye klasser andre stader som følge av ein nedlegging av Tingvoll vgs., då elevane vil fordele seg på dei skolane som ligg i nærleiken.

Ein nedlegging av Tingvoll vgs frå skoleåret 2025/2026 vil gi ein innsparing med heilårsverknad frå 2026 på 10 mill. kr samla for bygg- og eigedomstenester, og kompetanse og næring (det er da tatt høgde for ein auke i kostnader til skoleskyss på 0,4 mill. kr).

Fylkeskommunedirektøren foreslår å la kompetanse- og næringsavdelinga behalde innsparinga ved å legge ned Tingvoll vgs frå skoleåret 2025/2026. Dette for å styrke den totale ramme til dei resterande vidaregåande skolane. Innsparinga på bygg- og eigedomstenester vil då bli overført til kompetanse- og næringsavdelinga (etter fråtrekk for auka kostnader til skoleskyss). Innsparinga vil ha heilårsverknad frå 2026 og det vil då være 10 mill. kr meir å fordele i budsjett til dei resterande vidaregåande skolane.

For meir utfyllande informasjon sjå rapport "Strukturendringar for den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal" s.5.

#### Konsekvens:

Elevane frå Tingvoll vil få ein noko lengre skoleveg enn i dag, men kollektivtilbodet er dimensjonert for å kunne transportere elevane enten i retning Kristiansund eller Sunndal.

### A4.2 Tilskot til bedriftsintern opplæring (BIO)

#### Omtale:

BIO-midlane er tilskot til kompetansehevande tiltak i bedrifter. Tilskotet skal gå til opplæring som bidrar til grøn omstilling i bedrifta. Tilskotet kan også brukast i situasjonar der intern opplæring hindrar permitteringar og dermed reduserer risiko for at tilsette hamnar utanfor arbeidslivet.

#### Konsekvens:

Redusert tilskotsramme frå 4 til 3 millionar fører til at færre bedrifter kan få tilskot til bedriftsintern opplæring. Det vil hindre nødvendig kompetanseheving innan grøn omstilling blant bedriftene i fylket. Det vil også kunne føre til fleire permitteringar.

### A4.3 Mobpro – mobilisering til forskingsprosjekt

#### Omtale:

Ramma til Mobpro frå regionale prosjektsatsingar går til å hjelpe bedrifter og kommunar til å kome i gang med forskingsbasert innovasjonsarbeid. Dette er eit tilbod med låg terskel, for

verksemder som ikkje har brukt forskning i sitt utviklingsarbeid tidlegare. Tilskotet er viktig for å kome i gang, og kan vere første steg i trappa, for å kvalifisere seg til vidare støtte frå Forskningsrådet og Horisont Europa. Tilskotet blir kombinert med statlege tildelingar frå Kommunal- og distriktsdepartementet, og blir også brukt til å tilby eit nettverk av rådgivarar. Desse såkalla kompetansemeklarane hjelper bedrifter og kommunar i gang med utviklingsprosjektet, og sørger for at det blir søkt på dei rette støtteordningane.

**Konsekvens:**

Kutt i den årlege ramma til Mobpro frå 3 til 2 millionar fører til at færre bedrifter og kommunar får hjelp til å kome i gang med forskningsbasert innovasjonsarbeid. Det medfører tapte moglegheiter for auka verdiskaping og betre tenestetilbod.

**A4.4 Redusert ramme: Tiltaksfondet**

**Omtale:**

Tiltaksfondet går til å støtte ulike typar utviklingsprosjekt for å fremme næringsutvikling, tettstad- og distriktsutvikling og prosjekt som skal auke tilgangen på arbeidskraft.

**Konsekvens:**

Kutt i den årlege ramma i Tiltaksfondet fører til at færre innovasjonsmiljø og kommunar får hjelp til å kome i gang med utviklingsprosjekt. Tilskot til prosjekt gir utviklingsarbeid til ein verdi av 2-3 gonger tilskotsbeløpet, sidan andre aktørar må bidra med eigeninnsats. Kutt vil gå ut over nødvendig arbeid med omstilling og innovasjon. Det vil gjenstå ca. 12,5 mill. kroner på tiltaksfondet etter kuttet.

## 5. Fagskolen

**A5.1 Reduksjon i fylkeskommunalt tilskot**

**Omtale:**

Fylkeskommunedirektøren foreslår å redusere det fylkeskommunale tilskotet til Fagskolen med bakgrunn i dei siste åra med mindreforbruk.

**Konsekvens:**

Om drifta vert på det same nivå som føregåande år er det ikkje noko konsekvensar.

## 6. Tannhelse

### A6.1 Distriktstannklinikken Eide, samlokalisering med Distriktstannklinikken Elnesvågen

#### Omtale:

Distriktstannklinikken i Eide er for eitt team. Eitt-teamsklinikkar med små fagmiljø har låg rekrutteringskraft då nyttilsette gjerne ønsker fagleg rettleiing og kunnskapsdeling. Avstanden til distriktstannklinikken Elnesvågen er 20,2 km. Klinikane vart vedtatt samlokalisert ved behandling av «omstilling 2020», men seinare vedtak gav utsetting på verknad frå 31.12.22 til 31.12.26.

#### Konsekvens:

Føresetnaden for at dette skal kunne vere ei løysing er at den planlagde nye Molde kompetanseklinikk kjem i drift, for å sikre tilstrekkeleg romkapasitet i regionen. Med for liten kapasitet i Molde, blir det behov for å oppretthalde dei omkringliggande klinikkane med tanke på talet på behandlingsrom.

Ei samlokalisering av klinikkane til ein felles tannklinikk for heile Hustadvika vil gi eit meir robust fagmiljø, med sterkare rekrutteringskraft enn distriktstannklinikken i Eide har i dag. Pasientane kan forvente eit meir stabilt tilbod, med ein auke i reiseavstand på inntil 25 minutt.

Kostnader til husleige og drift vil bli redusert med verknad frå utløp av leigeavtale 31.12.2027. Kostnader til investering i utstyr vil gå ned på grunn av stordriftsfordelar og nyare utstyr ved distriktstannklinikken i Elnesvågen, utan at dette er berekna som gevinstrealisering. Romkapasiteten ved distriktstannklinikken i Elnesvågen blir då maksimalt nytta, utan moglegheit for mellom anna veileda praksis for studentar.

Tannhelsetenesta har fått fleire oppgåver og fleire pasientar med rettar, noko som krev fleire behandlarar og rom. Endring i struktur er mogleg, men totalt tal på behandlingsrom må auke ved robuste klinikkar i dei større byane.

Etter tannhelsetenestlova er alle fylkeskommunar óg plikta til å medverke til undervisning og praktisk opplæring av tannhelsepersonell, medrekna vidare- og etterutdanning, noko som krev tilgjengelege behandlingsrom for studentar.

### A6.2 Distriktstannklinikken Averøy, samlokalisering med nye Kristiansund kompetanseklinikk

#### Omtale:

Distriktstannklinikken Averøy er ein klinikk for to team. Klinikken har ei stabil bemanning. Avstanden til nye Kristiansund kompetanseklinikk på Campus er 14,3 km, svarande til 18 minutt å køyre.

#### Konsekvens:

Kostnadene til husleige og drift vil bli redusert med tidlegaste verknad frå 01.01.2026. Kostnader til investering i utstyr vil gå ned på grunn av stordriftsfordelar og nyare og meir avansert utstyr ved ny kompetanseklinikk i Kristiansund, utan at dette er rekna som

gevinstrealisering. Klinikane med større fagmiljø gir generelt betre rekrutteringskraft og eit meir føreseieleg tilbod til pasientane.

### **A6.3 Distriktstannklinikken Midsund, samlokalisering med Molde kompetanseklinikk**

#### **Omtale:**

Distriktstannklinikken i Midsund har eitt team. Eitt-teamsklinikkar med små fagmiljø har låg rekrutteringskraft då nyttilsette gjerne ønsker fagleg rettleiing og kunnskapsdeling. Avstanden til Molde kompetanseklinikk med eit større fagmiljø er 23,5 km, svarande til 41 minutt. Tannlegestillinga har stått vakant i lengre periodar, men er no bemanna.

#### **Konsekvens:**

Ein føresetnad for samlokalisering er ny Molde kompetanseklinikk i drift før samlokalisering. Romkapasiteten er langt under behovet i Molderegionen i dag. Med for lav kapasitet særleg ved Molde kompetanseklinikk, er det eit akutt behov for å oppretthalde dei andre klinikane i regionen.

Ei samlokalisering av klinikane til ein felles tannklinik for Molde kommune vil gi eit meir robust fagmiljø, med sterkare rekrutteringskraft. Pasientane kan forvente eit meir stabilt tilbod, med ein auke i reiseavstand på omkring 41 minutt. Dette er det ikkje plass til ved Molde kompetanseklinikk per i dag.

Kostnader til husleige og drift vil reduserast med verknad frå tidspunkt frå oppseiing av leigeavtale på Midsund (tidlegast 30.09.2026). Kostnader til investering i utstyr vil gå ned på grunn av stordriftsfordelar og nyare utstyr ved kompetanseklinikken i Molde, utan at det er berekna som gevinstrealisering.

### **A6.4 Distriktstannklinikken Stranda, samlokalisering med Distriktstannklinikken Sykkylven**

#### **Omtale:**

Distriktstannklinikken på Stranda er for eitt team. Klinikkar med små fagmiljø har låg rekrutteringskraft då nyttilsette gjerne ønsker fagleg rettleiing og kunnskapsdeling. Avstanden til distriktstannklinikken i Sykkylven er 33,6 km, svarande til 38 minutt å køyre.

#### **Konsekvens:**

Ei samlokalisering vil gi eit større fagmiljø, som kan ha større rekrutteringskraft. Romkapasiteten vil bli nytta fullt ut ved distriktstannklinikken i Sykkylven, utan moglegheit for fleksibilitet til dømes til å ta i mot elevar til praksis for framtidig rekruttering. Ein føresetnad for samlokalisering bør vere utvida kapasitet ved større klinikkar i regionen. Noverande leigekontrakt i Stranda gjeld ut 2024.



## 7. Kulturområdet

### A7.1 Redusere programsatsingane Ein bit av historia og Verdiskaping kulturell og kreativ næring frå 2025

#### Omtale:

Verdiskapingsprogramma Ein bit av historia og Verdiskaping kulturell og kreativ næring skal stimulere til økonomisk vekst, innovasjon og nyskaping i lokalt kultur- og næringsliv, og til kompetanseutvikling i kultursektoren i fylket. Mottakarane av midlane er mellom anna frivillige, kommunar og profesjonelle aktørar i kulturell og kreativ sektor.

Verdiskaping basert på kulturarv, kulturell og kreativ næring er ei av oppgåvene som vart lagt til fylkeskommunen i regionreforma, og kor vi også fekk ein mindre verkemiddelpott.

#### Konsekvens:

Ein reduksjon vil betyr færre midlar til føremålet. Sidan delar av porteføljen har vore brukt til å løyse ut ytterlegare statlege verkemidlar, kan konsekvensen også vere færre statlege midlar til å ivareta og formidle lokal og regional kulturarv, og til å stimulerer til utvikling av kulturell og kreativ næring.

Begge programområda reduserast frå 1, 5 mill. kroner til 1 mill. kroner. Totalt ein reduksjon på 1 mill. kroner.

### A7.2 Avvikle "Den Kulturelle Spaserstokken" frå 2026

#### Omtale:

"Den kulturelle spaserstokken" (DKSS) var tidlegare ei øymerka overføring frå staten, men det er no ei rammeoverføring. I 2024 er det satt av 2 mill. kroner til DKSS. Midlane går til kommunane som nyttar midlane til å gi eldre i sin kommune tilgang til eit mangfaldig og profesjonelt tilbod innan kunst og kultur.

#### Konsekvens:

Avvikling av ordninga vil ha konsekvensar både for tilbodet til målgruppa og for profesjonelle kunstnarar og utøvarar. Den eldre delen av befolkninga i fylket vil få færre kunst- og kulturtilbod og profesjonelle kunstnarar og utøvarar vil få færre oppdrag.

Forslaget er å avvikle ordninga i heilskap, men bruke 1 mill. kroner til å styrke ramma på Møremusikarordninga med 1 mill. kroner frå 2026. Dette vil i ein viss grad sikre noko av oppdragsmengda til profesjonelle utøvarar busett i fylket.

### **A7.3 Redusere verkemidlar øyremerka til folkehelsearbeid i kommunane frå 2027**

#### **Omtale:**

Dagens God helse samarbeidsavtalar med kommunane går ut 2027. Samtidig er det signal om at øyremerka midlar frå Folkehelseprogrammet vil kome på fylkeskommunen si ramme frå 2027. Ein er usikker på kva beløp som kan kome på fylkeskommunen si ramme frå 2027, men sannsynleg om lag 5 mill. kroner. Under føresetnad at dette skjer, vil vi ha totalt 6,5 mill. kroner til å stimulere folkehelsearbeidet i kommunane sjølv med eit kutt på 2 mill. kroner. I 2024 er det totalt 9,5 mill. kroner som går til God helse samarbeidsavtalane (3,5 mill. Kroner) og til Folkehelseprogrammet (6 mill. kroner).

#### **Konsekvens:**

Tiltaket kan tidlegast innførast frå 2027.

Konsekvensane blir færre midlar til å stimulere folkehelsearbeidet i kommunane.

## 8. Samferdselsområdet

### **A8.1 Reversering av PS-05/24 knytt til ferjetilbod**

#### **Omtale:**

I arbeidet med kutt- og endringsforslaga er det brukt prinsipp om likebehandling. Det er lagt opp til kutt og endringar i de fleste fylkesvegferjesambanda, og rutereduksjonen er på same nivå for samband med tilsvarande trafikkta. For fleire samband er det dei første og siste avgangane på kvardagar samt avgangar på helg som vil bli kutta når ein skal basere tilbodet på nasjonal ferjestandard.

Fylkeskommunedirektøren gjer merksam på at dette er pakkar av tiltak som blir lagt fram, og at det er ein form for samanheng i tiltaka. Ved vurdering av reduksjonar i enkeltsamband, så må Fylkestinget først ta kutt i A8.1 før kutt i A8.2 kan vurderast. Deretter kan ein bygge på med kutt i A8.3.

For operatørane vil slike kutt og endringar bli utfordrande. Både nedgang i løn for dei tilsette, oppseiingar og meir bruk av deltidsstillingar er moglege konsekvensar. I tillegg har reiarlaga meldt frå om at stadige nye kuttforslag skapar usikkerheit, og kan medføre vanskar med rekruttering, samt at dei vil måtte vurdere å prise inn økt risiko i komande anbod. Før reiarlaga kan gjennomføre endringar, må FRAM ha fått tid til å utarbeide og sende over bestilling på nye ruteplanar. Fylkeskommunedirektøren har derfor lagt inn verknad frå og med 1. mai 2025, mens tiltaka får heilårsverknad frå og med 2026.

Oppsummering tiltak A8.1:

Rute	Tiltak	Bruk (køyretøy inkl. MC) per dag <sup>1</sup>				Heilårsverknad (i 1.000kr)
		0-5	6-9	10-20	Over 20	
<b>1049 Festøya - Hundevika</b>	Fjerne laurdagsruta				X	2.000 (1.333 i 2025)
<b>1068A Hareid - Sulesund</b>	Fjerne rundtur natt alle vekedagar, (02:30 frå Hareid og 03:00 frå Sulesund)	X				700 (467 i 2025)
<b>1055A Sykkylven - Magerholm</b>	Fjerne ein rundtur natt heile veka (03:00 frå Sykkylven og 03:20 frå Magerholm)	X				300 (200 i 2025)
<b>1058 Solholmen- Mordalsvågen</b>	Fjerne ein rundtur natt til søndag (00:40 frå Solholmen og 01:00 frå Mordalsvågen)	X				350 (233 i 2025)
<b>1059 Aukra - Hollingsholm</b>	Fjerne ein rundtur natt til laurdag (00:30 frå Aukra og 00:45 frå Hollingsholmen)	X				450 (300 i 2025)
	Fjerne ein rundtur natt til søndag (01:15 frå Aukra og 01:30 frå Hollingsholmen)		X			
<b>1056 Brattvåg - Dryna</b>	Redusere opningstid laurdag med 3t. og 5min og 2t. og 5min søndagar. Tal rundturar reduserast frå 12 til 11 laurdag og søndag. (Lurdag utgår 07:25, 07:55, 22:00, 22:25 og 23:00).			X		1200 (800 i 2025)
	Redusere opningstid laurdag med 3t. og 5min og 2t. og 5min søndagar. Tal rundturar reduserast frå 12 til 11 laurdag og søndag. (Søndag utgår 08:25, 08:55, 22:25 og 23:00.)			X		
<b>1068 Hareid - Sulesund</b>	Ta ut C-ferja 6 veker på sommaren, veke 26-31	Registrert totalt 43 attstående køyretøy av totalt over 61.000 transporterte køyretøy, i same tidsperiode (klokketimane 06 – 18, vekedagar i veke 26-31) som C-ferja var sommaren 2024.				3.050
<b>1063 Seivika - Tømmervåg</b>	Fjerne B-ferja 37 laurdagar (i lågsesong september-mai)	I perioden 26. aug. 23 til og med 4. mai 24 (siste periode med lågsesong utan B-ferje), er det registrert eit tilfelle med 7 attstående køyretøy.				1.550 (775 i 2025)

**Konsekvens:**

Forslaga vart utarbeidd og sendt på høyring i fjor i sak T-107/22. Tiltaka er tidlegare gjennomført utan store konsekvensar for publikum.

<sup>1</sup> Gjennomsnittleg tal køyretøy samla per dag for alle avgangar som inngår i tiltaket

Administrasjonen har henta inn nye trafikkta, gått gjennom endringar som har skjedd i perioden og oppdatert innsparingspotensialet på nytt.

I tabellen under er konsekvensane for kvart enkelt samband omtalt.

Rute	Konsekvens
1049 Hundeidvika-Festøya	Omkøyning via Sykkylven-Magerholm og Festøya-Solavågen. (Samband 1049 er gratis å reise med).
1068 A Hareid - Sulesund	Redusert tilbod på natt, kan medføre at folk droppar å dra på kulturarrangement og fritidsarrangement. Næringslivet/transportnæringa må stå over til neste avgang.
1068 C Hareid - Sulesund	Innstilling av C ferja 6 veker på sommaren betyr 30-minutts frekvens i staden for 20-minuttsfrekvens. Kapasiteten i sambandet vurderast som god nok til å ta unna trafikkmengda.
1055A Magerholm - Sykkylven	Redusert tilbod på natt, kan medføre at folk droppar å dra på kulturarrangement og fritidsarrangement. Næringslivet/transportnæringa må stå over til neste avgang.
1063 B Seivika - Tømmervåg	Innstilling av B- ferja betyr timesfrekvens i staden for 30 minutts frekvens på laurdagar. Redusert korrespondanse, kan medføre attståande og vil ha noko avvisingseffekt.
1058 Solholmen - Mordalsvågen	Tidlegare avslutning laurdag kveld, kan påverke moglegheit for å nytte kulturtilbod og besøk. Konsekvensen kan bli at ein må droppe reisa eller at ein må overnatte på hotell.
1059 Aukra - Hollingsholm	Tidlegare avslutning laurdag og søndag kveld, kan påverke moglegheit for å nytte kulturtilbod og besøk. Konsekvensen kan bli at ein må droppe reisa eller at ein må overnatte på hotell.
1056 Brattvåg - Dryna	Seinare oppstart og tidlegare avslutning laurdag og søndag, kan påverke moglegheit for å nytte kulturtilbod, og fly på Vigra. Konsekvensen kan bli at ein må droppe reisa eller at ein må overnatte på hotell.

## A8.2 Reduksjon ferjetilbod, i tråd med alternativ 1A frå T-49/23

### Omtale:

I T-49/23 «Omstilling 2024 - Verknader for samferdselsområdet» var innstilla frå fylkeskommunedirektøren at ferjetilbodet skulle bli redusert i tråd med alternativ 1A.

I arbeidet med kutt- og endringsforslaga er det brukt prinsipp om likebehandling. Det er lagt opp til kutt og endringar i de fleste fylkesvegferjesambanda, og rutereduksjonen er på same nivå for samband med tilsvarande trafikkta. For fleire samband er det dei første og siste avgangane på kvardagar, samt avgangar på helg som vil bli kutta når ein skal basere tilbodet på nasjonal ferjestandard.

Som følge av høyringsinnspel vart det gjort enkelte tilpassingar knytt til innbyggjarar som skal nytte andre kollektive framkomstmiddel, som jobbar turnus eller er arbeidspendlarar, barn og unge som nyttar fritidstilbod og næringslivet. Det er også gjort tilpassingar knytt til overgang til ny teknologi med plug-in-hybrid ferjer. Det kjem av at det vert gjennomført målingar av NOx i drifta av dei nye ferjene, som vert sett opp mot produksjonen som det er søkt for (altså rutetabell frå anbodet). Viss ein gjennomfører reduksjonar relativt til rutetabellen frå anbodet, så vil fylkeskommunen miste tilskot knytt til innføringa av ny teknologi. I 2025 så vil dette gjelde sambandet Stranda-Liabygda.

Fylkeskommunedirektøren gjer merksam på at dette er pakkar av tiltak som blir lagt fram, og at det er ein form for samanheng i tiltaka. Ved vurdering av reduksjonar i enkeltsamband, så må Fylkestinget først ta kutt i A8.1 før kutt i A8.2 kan vurderast. Deretter kan ein bygge på med kutt i A8.3.

Før reiarlaga kan gjennomføre endringar, må FRAM ha fått tid til å utarbeide og sende over bestilling på nye ruteplanar. Fylkeskommunedirektøren har derfor lagt inn verknad frå og med 1. mai 2025, mens tiltaka får heilårsverknad frå og med 2026

#### Oppsummering tiltak A8.2:

Rute	Tiltak	Bruk (køyretøy inkl. MC) per dag <sup>2</sup>				Heilårsverknad (i 1.000kr)
		0-5	6-9	10-20	Over 20	
<b>1055B Sykkylven-Magerholm</b>	Innstille 3 fyrste rundturar for B-ferja søndag. Frå Sykkylven: 09:10, 09:50, 10:30 frå Magerholm 09:30, 10:10, 10:50				X	800 (533 i 2025)
<b>1055B Sykkylven-Magerholm</b>	Innstille avgang for B-ferja frå Sykkylven 10:30 og frå Magerholm 10:50 måndag - laurdag				X	350 (233 i 2025)
<b>1136 Standal-Trandal-Sæbø-Skår</b>	Innstille anløp til Skår	X				2.500 (1.667 i 2025)
	Innstille anløp til Store Kalvøy	X				
<b>1060B Søsnes-Åfarnes</b>	Innstille B-ferja laurdag				X	3.350 (1.675 i 2025)
	Innstille B-ferja - 4 siste avg på kvardag				X	
<b>1064B Edøya – Sandvik</b>	Innstille B-ferja på resterande laurdagar 1. mar. – 23. des. (43 laurdagar)	Det er i perioden 1. sept. 23 – 31. aug. 24 registrert totalt 10 attståande køyretøy i tidsperioden kor B-ferja opererer. Desse 10 fordeler seg på 2 tiffelle med 9 attståande frå Edøya 13. juli og 1 attståande frå Sandvika 18. mai.				1.450 (725 i 2025)
<b>1068C Hareid-Sulesund</b>	Innstille C ferja 2 veker ekstra sommar, veke 32 og 33	Det er registrert 8 attståande køyretøy på vekedagar i klokketime 06-18 i veke 32-33 i 2024 (C-ferje sommarperiode).				650
<b>1054B Eidsdal - Linge</b>	Innstille B-ferja 14 dagar, 1. mai - 14. mai	Totalt 76 registrerte attståande køyretøy i perioden i 2024. Men frå 1. til 7. mai var det ei 35 PBE ferje i sambandet, før den nye 80 PBE ferja blei satt i drift 8. mai Etter kapasiteten vart auka, er det registrert 4 attståande køyretøy.				1.290 frå 2025

<sup>2</sup> Gjennomsnittleg tal køyretøy samla per dag for alle avgangar som inngår i tiltaket.

**Konsekvens:**

Forslaga vart utarbeidd og sendt på høyring i sak T-49/23. Administrasjonen har henta inn nye trafikktalet, gått gjennom endringar som har skjedd i perioden og oppdatert innsparingspotensialet på nytt.

I tabellen under er konsekvensane for kvart enkelt samband omtalt.

<b>Rute</b>	<b>Konsekvens</b>
1064 B Edøya-Sandvika	Innstilling av B-ferja dei resterande 43 laurdagar vil føre til redusert korrespondanse mot Arasvika-Hennset og Seivika-Tømmervåg og kan medføre attståande, samt ha ein avvisingseffekt.
1055 B Magerholm-Sykkylven	Redusert tilbod med B-ferja sundag morgon betyr lågare frekvens. Kapasiteten på A-ferja vurderast til å vere god nok til å ta unna trafikken. I vintersesongen er det stor utfart mot skidestinasjonane i Sykkylven og Stranda, og det kan bli attståande på enkelte søndagar.
1068 C Hareid Sulesund	Innstilling av C ferja 2 ekstra veker på sommaren betyr 30-minutts frekvens i staden for 20-minuttsfrekvens. Kapasiteten i sambandet vurderast som god nok til å ta unna trafikkmengda. Næringslivet må da stå over til neste avgang, og pendlarar må reise med tidlegare avgangar når C-ferja ikkje går desse vekene i august.
1136 Standal-Trandal-Sæbø-Skår	Innstille alle anløp til Skår og Store Kalvøy. Innbyggjarar vil miste ferjetilbodet om ikkje kommunane (Ørsta og Ålesund) vil dekke kostnaden. Dette er kommunale anløpsstadar/ferjekaier.
1060 B Sølsnes - Åfarnes	Fjerning av B-ferja på kveld på kvardagar og laurdagar vil gje lengre ventetid for pendlarar, næringsliv og idrett- og fritidsreiser. I tillegg vil busstilbodet bli påverka. Det må gjerast tilpassingar mot busskorrespondanse.
1054 B Eidsdal - Linge	Innstilling av B ferja betyr 30-minuttsfrekvens i perioden i staden for 20- minutts frekvens. To-ferjesesongen vert utsett med to veker i byrjinga av mai. Kapasiteten i sambandet vert vurdert som god nok til å ta unna trafikkmengda.
1055B: Sykkylven-Magerholm	Fjerning av avg 10:30/10:50 på kvardagar med B-ferja gjer at det blir litt lengre ventetid.

### **A8.3 Reduksjon i rutetilbud på ferje, utover tilråding i T-49/23**

#### **Omtale:**

I T-49/23 «Omstilling 2024 - Verknader for samferdselsområdet» vart det lagt fram eit «alternativ 3». I dette alternativet låg det ein omfattande reduksjon i rutetilbodet på ferje for å redusere kostnadane i ferjedrifta. Dette for å starte prosessen med å få produksjon og tilbod nærare nivået på rammeoverføringane frå staten. I dette alternativet vil Møre og Romsdal sitt ferjetilbod ligge på den nasjonale ferjestandarden på dei fleste samband.

I høve til høyringa av dette alternativet ( T-49/23), har fylkeskommunedirektøren reversert nokre av kutta. Her har omsyn til om det er mogleg med omkøyning, arbeidspendling kveld, og barn og unge sitt fritidstilbod, vore tungtvegande.

Fylkeskommunedirektøren gjer merksam på at dette er pakkar av tiltak som blir lagt fram, og at det er ein form for samanheng i tiltaka. Ved vurdering av reduksjonar i enkeltsamband, så må Fylkestinget først ta kutt i A8.1 før kutt i A8.2 kan vurderast. Deretter kan ein bygge på med kutt i A8.3.

Før reiarlaga kan gjennomføre endringar, må FRAM ha fått tid til å utarbeide og sende over bestilling på nye ruteplanar. Fylkeskommunedirektøren har derfor lagt inn verknad frå og med 1. mai 2025, mens tiltaka får heilårsverknad frå og med 2026.

Avgangar som inngår i innsparingstiltaket i dette alternativet er nærare omtalt i tabellen under:

Rute	Tiltak	Bruk (køyretøy inkl. MC) per dag <sup>3</sup>				Heilårsverknad (i 1.000kr)
		0-5	6-9	10-20	Over 20	
<b>1049 Hundeidvika- Festøya</b>	Innstille 2 siste avg kvardagar (18:50 og 19:10)	X				1.100 (733 i 2025)
	Innstille 2 siste avg søndag (18:50 og 19:10)			X		
<b>1135 Sæbø- Leknes</b>	Innstille 2 fyrste avg på laurdag (06:30 og 06:45), innstille 2 avg på føremiddag laurdag (10:30 og 10:45) - 2 timars pause. Ingen innstilling på kvardag			X		950 (633 i 2025)
	Innstille 2 fyrste avg på søndag (07:30 og 07:45) og søndag (11:45 og 12:00) - 2 timars pause. Ingen innstilling på kvardag			X		
<b>1055B Magerholm- Sykkylven</b>	Innstille 4 siste avg. på kvardag frå Sykkylven 20:30 og 21:10, frå Magerholm 20:50 og 21:30,				X	6.800 (4.533 i 2025)
	Innstille heile laurdag				X	
	Innstille 12 fyrste avg. på søndag / utsett oppstart frå 09:10 til 13:10				X	
<b>1056 Brattvåg- Dryna</b>	35 min kortare opningstid på kveld på kvardagar, 1 mindre rundtur på kvardagar	X				1100 (733 i 2025)
<b>1058 Solholmen- Mordalsvågen</b>	Innstille nattavg heile veka (00:05 frå Solholmen og 00:20 frå Mordalsvågen)	X				3.300 (2.200 i 2025)
	Innstille 2 første på kvardag (05:25 frå Solholmen og 05:45 frå Mordalsvågen)		X			
	Innstille 2 første og 2 siste på laurdag (06:40 og 23:25 frå Solholmen og 07:00 og 23:40 Solholmen).			X		
<b>1059 Aukra- Hollingsholm</b>	40 minutts frekvens. Innstille nattavg heile veka (00:00 frå Aukra og 00:20 frå Hollingen)	X				4.200 (2.800 i 2025)
	40 minutts frekvens. Innstille 2 første på kvardag (05:10 frå Aukra og 05:40 frå Hollingsholm)			X		
	40 minutts frekvens. Innstille 2 siste på laurdag (23:00 frå Aukra og 23:30 frå Hollingen)			X		
<b>1063A Seivika- Tømmervåg</b>	Innstille første og siste rundtur på kvardagar 04:50 og 23:30 frå Seivika, og 05:20 og 00:00 frå Tømmervåg.			X		2.300 (1.533 i 2025)
	Innstille siste rundtur på laurdag 23:30 frå Seivika og 00:30 frå Tømmervåg	X				
<b>1064A Edøya- Sandvika</b>	Innstille første rundtur på kvardagar frå Edøya 04:40 og frå Sandvika 05:15	X				750 (500 i 2025)

<sup>3</sup> Gjennomsnittleg tal køyretøy samla per dag for alle avgangar som inngår i tiltaket.



	Innstille siste rundtur på laurdag 23:45 frå Edøya og 00:15 frå Sandvika.	X				
<b>1064B Edøya-Sandvika</b>	Innstille B-ferja 9 månader søndag (september-mai)				X	1.300 (722 i 2025)
<b>1065 Volda-Lauvstad</b>	Utsett opningstid kvardagar med 25 min.			X		1.850 (1.233 i 2025)
	Avgang Lauvstad 22:50 /Volda 23:20-Lauvstad alle dagar går ut	X				
<b>1066 Larsnes-Åram-Voksa-Kvamsøya</b>	Fyrste rundtur laurdag og søndag går ut (06:30 frå Kvamsøya og 07:40 frå Larsnes)			X		3.900 (2.600 i 2025)
	Nattavg 6 dagar i veka går ut.	X				
<b>1067 Årvika-Koparneset</b>	40 minutts rutefrekvens. Seinare oppstart med 45 min på kvardagar. Redusert opningstid kveld på kvardagar med 30 min.	X				2.200 (1.467 i 2025)
	40 minutts rutefrekvens. Seinare oppstart med 25 min laurdagar. Redusert opningstid kveld søndag 55 min.		X			
<b>1068B Hareid-Sulesund</b>	Innstille 4 fyrste og 2 siste avg på laurdag (frå Hareid: 08:00, 09:00, 19:00 frå Sulesund: 08:30, 09:30, 19:30)				X	1.750 (1.167 i 2025)
	Innstille 4 fyrste avg på søndag (frå Hareid: 11:00, 12:00, frå Sulesund: 11:30, 12:30.				X	
<b>1068C Hareid-Sulesund</b>	Innstille 2 første og 2 siste avgangane på kvardagar. frå Sulesund: 06:10, 18:10, frå Hareid: 06:40, 18:40.				X	3.500 (2.333 i 2025)
	Innstille romjul 27.-29. des. (3 dgr.)	I romjula 23 er ikkje registrert noko attståande køyretøy i tidsperioden C-ferja opererer.				
	Innstille påske Man-ons (3 dgr.)	I påske 24 er det registrert 11 attståande køyretøy i tidsperioden C-ferja opererer.				
<b>1061 Kvanne-Rykkjem</b>	Innstilling av turar gjennom heile opningstida. Kvardagar reduserast med 14 avg, laurdag reduserast med 10 avg, Søndagar reduserast med 12 avg.	I perioden 1. sept. 23 – 31. aug. 24 er det registrert totalt 218 attståande køyretøy for sambandet, noko som gir i snitt om lag 1 attståande køyretøy pr. dag.				1.300 (867 i 2025)
<b>1063B Seivika - Tømmervåg</b>	Innstille B-ferja på resterande laurdagar (juni-juli-august)	Det er ikkje registrert nokon attståande køyretøy i tidsperioden laurdagar juni-august i 2023, som var siste periode utan B-ferje.				450

#### Konsekvens:

Forslaga vart utarbeidd og sendt på høyring i fjor i sak T-49/23. I høyringsinnspela var det fleire som gav uttrykk for at dei såg store utfordringar med dette forslaget. Innstilling av B- og C-ferjer er det som vil vere minst inngripande for dei reisande.

Administrasjonen har henta inn nye trafikkta, gått gjennom endringar som har skjedd i perioden og oppdatert innsparingspotensialet på nytt.

Under ligg ei kort omtale av konsekvensen knytt til kvart rutekutt:

Rute	Konsekvens
1049 Hundeidvika-Festøya	Omkøyring via Sykkylven-Magerholm og Festøya-Solavågen
1135 Sæbø-Leknes	Lang omkøyring som kan medføre avvisingseffekt
1055 B Magerholm-Sykkylven	Redusert tilbod for dei reisande som kan medføre attståande på A-ferja. I vintersesongen er det stor utfart mot skidestinasjonane i Sykkylven og Stranda, og det kan bli attståande på enkelte søndagar.
1056 Brattvåg-Dryna	Vil føre til redusert tilbod mot Sunnmøre, kan påverke moglegheit for deltaking på aktivitetar/møter på kveld, samt å kome seg heim etter seinvakter og seine fly.
1058 Solholmen-Mordalsvågen	Dette vil medføre at næringsliv og private ikkje kan rekke første flyavgang på morgonen frå Molde lufthamn. Konsekvensen blir at ein må overnatte på hotell. Redusert korrespondanse mot Aukra for dagpendlarar.
1059 Aukra-Hollingsholm	Dette vil medføre at næringsliv og private ikkje kan rekke første flyavgang på morgonen frå Molde lufthamn. Konsekvensen blir at ein må overnatte på hotell. I tillegg vil busstilbodet bli påverka. Det må gjerast tilpassingar mot busskorrespondanse, og ferjesambanda Småge-Ona og Solholmen-Mordalsvågen. Redusert korrespondanse mot Midsund for pendlarar.
1061 Kvanne-Rykkjem	Reduserer tilbodet for dei reisande.
1063 A Seivika-Tømmervåg	Dette vil medføre at ein ikkje kan rekke første flyavgang på morgonen frå Kvernberget lufthamn. Ein får ikkje nytta kulturtilboda til dømes i Kristiansund N. Konsekvensen blir at ein må overnatte på hotell.
1063 B Seivika - Tømmervåg	Redusert korrespondanse, kan medføre attståande samt ha ein avvisingseffekt.
1064 A Edøya-Sandvika	Dette vil medføre at ein ikkje kan rekke første flyavgang på morgonen frå Kvernberget lufthamn. Ein får ikkje nytta kulturtilboda til dømes i Kristiansund N. Konsekvensen blir at ein må overnatte på hotell.
1064 B Edøya-Sandvika	Redusert korrespondanse mot Arasvika-Hennset og Seivika-Tømmervåg, kan medføre attståande samt ha ein avvisingseffekt.
1065 Volda-Lauvstad	Utsett oppstart om morgonen, vil medføre at ein ikkje kan rekke første flyavgang frå Hovden lufthamn, at ein ikkje kan pendle til verfta i Ulstein-området og vere på jobb til kl. 07.00. Mens kutt i siste avgang gjer at det kan bli knapt med tid til å avslutte seinvakter om det er behov for ekstra overlapp med nattevakt. Konsekvensen blir at ein må overnatte på hotell. Ein får ikkje nytta kulturtilbod til dømes i Volda.
1066 Larsnes-Åram-Voksa-Kvamsøya	Fjerning av nattavgangen vil medføre redusert moglegheit for å delta på kulturarrangement på kveldstid, og kome seg heim frå seine flyavgangar. Mens fjerning av morgonavgangar på helg, vil ha negative konsekvensar for til dømes turnusarbeidar og andre trafikantar.

1067 Årvika-Koparneset	Dette vil medføre redusert tilbud for pendlarar og næringsliv.
1068 B Hareid Sulesund	Dette vil medføre redusert tilbud for dei reisande og kan medføre attståande. Basert på teoretisk reknestykke skal det være tilstrekkeleg med to ferjer, men i praksis kan det bli opphoping på enkelte avgangar.
1068 C Hareid Sulesund	Redusert tilbud for pendlarar og næringsliv på morgonen. Basert på teoretisk reknestykke skal det være tilstrekkeleg med to ferjer, men i praksis kan det bli opphoping på enkelte avgangar.

#### A8.4 Reduksjon i bestillingstransport

##### Omtale:

I fylkestinget i april i sak 13/24 «Innsparingskrav 2024», vart det vedtatt ei innsparing på 2,5 mill. kroner knytt til bestillingstransport i 2024. Som eit ledd i å innfri ytterlegare innsparingskrav frå 2025 vert det foreslått å gjere dette til ei varig innsparing, då bestillingstransport ikkje er ei lovpålagt oppgåve.

“Trygt heim for en 50-lapp” er finansiert på same budsjett som Bestillingstransport. Det er satt av ca. 400 000 kroner til formålet kvart år. Trygt Heim er ei taxi-ordning for ungdom mellom 16 og 25 år i distriktet.

##### Konsekvens:

Bestillingstransport har vore eit tilbud i områder der FRAM ikkje har eit rutetilbud med ordinær rutebuss. Målgruppa er som regel eldre og unge. Det at bestillingstransporten no er lagt ned gjer at fleire no står utan eit kollektivtilbud. Det er mogeleg å nytte seg av drosje, men då til drosjetakst.

I Aure blir ein del av bestillingsrutene køyrt av bussoperatøren Tide. Om bestillingstransport blir tatt vekk i dette området, kan det få konsekvensar for talet på tilsette hos operatøren.

Trygt Heim er ei ordning som treff ungdom i distriktet, men er skeivt fordelt i fylket, og bør også reviderast. No når det ikkje er budsjett eller ressursar knytt til dette, vil ei slik ordning kun treffe få faste brukaren, som er kjent med ordninga.

#### A8.5 Nedlegging av Hamnsundruta frå 2027

##### Omtale:

Dette tiltaket vart presentert i fylkestinget i april i sak 13/24 «Innsparingskrav 2024», der det låg ved ein omtale av dei fylkesinterne hurtigbåtrutene i vedlegg 5.

Fylkeskommunedirektøren meiner at det er viktig at rutestrukturen til hurtigbåttilbodet kjem opp til vurdering, giventidspunktet for utlysing av neste hurtigbåtanbod og den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen.

Hamnsundruta vart sett i drift august 2022, etter Nordøyvegen vart opna og Nordøyruta vart lagt ned (T-51/22). Ruta går mellom Ålesund, Valderøy og Hamnsund, og betener Store Kalvøy på enkelte avgangar. Det er 12 avgangar måndag-fredag, 7 avgangar på laurdag og 8 avgangar

på søndag. Hamnsundruta hadde 75 116 reisande i 2023. Hittil i år (per september) har talet reisande gått ned med 11 prosent samanlikna med i 2023. Hovudvekta av dei reisande er mellom Hamnsund og Ålesund, med 48 prosent av alle påstigande passasjerar i Ålesund, 7 prosent på Valderøya, 3 prosent på Store Kalvøy og 42 prosent på Hamnsund.

Berekningane viser at Hamnsundruta er sambandet med lavast passasjerbelegg i dagens kontrakt, og er den ruta med høgste driftskostnaden og investeringskostnaden per passasjer. Hamnsundruta utmerkar seg, med om lag dobbelt så høg kostnad per passasjer samanlikna med dei to andre fylkesinterne sambanda. På dette sambandet har kvar passasjerreise så langt i 2024, vore subsidiert av fylkeskommunen med om lag 430kroner. Om ein tek med kommande behov om investeringar i kaianlegg, så vil dette beløpet bli meir enn dubbert.

Fordi vedtak om oppstart av Hamnsundruta kom etter hovudrulleringa av Investeringsprogrammet for fylkesveg, så ligg ikkje kaianlegga til denne ruta inne i prioriteringane for det noverande investeringsprogrammet for fylkesveg.

#### **Konsekvens:**

Møre og Romsdal fylkeskommune mottar rammetilskot til kollektivtilbodet gjennom mellom anna utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Etter 1. januar 2024 vart dette tilskotet uavhengig av faktisk hurtigbåttilbod. Ein nedlegging eller endringar i rutetilbodet på hurtigbåt, vil derfor ikkje lengre påverke rammetilskotet frå staten. Det vil sei dette er ein direkte innsparing når kostnadane vert redusert.

For dei reisande til og frå Store Kalvøy, vert det innført ein mindre lokal båtrute (i tråd med Fylkeskommunedirektøren sin innstilling i T-83/21 «Framtidig fylkeskommunalt båtrutetilbod nord for Ålesund og tilhøvet til den bompengefinansierte Nordøyvegen», omtala som «alternativ 1»). Møre og Romsdal fylkeskommune vil gå i dialog med Haram kommune for å løyse skysstilbod til Store Kalvøy. Det skal leggest fram eiga sak i god tid før 1. januar 2027.

Ei nedlegging av denne ruta vil leie til ein årleg reduksjon på inntil 1.650 tonn CO<sub>2</sub>-ekv. som vil vere eit viktig bidrag til å nå målet om 55 prosent reduksjon av klimagass-utslepp innan 2030.

Om Hamnsundruta vert lagt ned, vil det vere behov for direktebussar mellom Hamnsund og Ålesund sentrum morgon og ettermiddag. Avgangane vil då starte/slutte på Finnøya og korrespondere med ferja. Timesfrekvens Brattvåg-Moa med start/slutt i Søvika må også inn i løysinga. FRAM vil ha behov for to ekstra bussar for å operere eit slikt driftsopplegg.

## **A8.6 Auke med 1 takstsone til på alle betalings samband (ut over vedtak PS-32/24, 11.juni 2024)**

### **Omtale:**

I fylkestinget PS-32/24 «"Økonomirapportering per 1.tertial 2024 inkl. forslag til budsjettjusteringar» vart det gjort vedtak om at alle betalings samband i fylket skulle auke med ei takstsone. Dette var eit tiltak for å redusere budsjettavviket til inntektene.

Som eit ledd i å innfri innsparingskrava til fylkeskommunen om ytterlegare innsparingar frå 2025, vert det no foreslått å auke taksten på alle samband der det i dag er betaling med ei sone.

Berekning på årseffekt for auka takstsone er basert på trafikktal<sup>4</sup> for 2023, korrigert for trafikkveksten så langt i 2024 (jan-mai) og autopassregulativ frå 01.01.2024. Det vil gi 16,1 mill. kroner meir billettinntekter til fylkeskommunen

### **Konsekvens:**

Ferjereiser er mykje billigare no enn i 2019. For ein reisande på sambandet Sølsnes-Åfarnes, som køyrer eit konvensjonelt køyretøy under 6 meter, er prisen før takstauke 35 kroner (inkl. moms) etter rabatt. Etter takstauken vil den vere 38 kroner (aukar med 3 kroner)

For nullutsleppskøyretøy er det i dag 30 prosent rabatt på taksten for konvensjonelle køyretøy. Nullutsleppskøyretøy på sambandet Sølsnes-Åfarnes vil gå frå 24,50 kroner til 26,60 kroner etter rabatt (aukar med 2,10 kroner).

Dette tiltaket vil ikkje gi ein effekt på dei frie rammeoverføringane Møre og Romsdal får gjennom inntektssystemet til fylkeskommunane.

## **A8.7 Auke med ytterlegare 1 takstsone til på alle betalings samband (utover forslaget tidlegare i dokumentet)**

### **Omtale:**

I fylkestinget PS-32/24 «"Økonomirapportering per 1.tertial 2024 inkl. forslag til budsjettjusteringar» vart det gjort vedtak om at alle betalings samband i fylket skulle auke med ei takstsone. Dette var eit tiltak for å redusere budsjettavviket til inntektene.

Som eit ledd i å innfri innsparingskrava til fylkeskommunen frå og med 2026, vert det no foreslått å auke taksten på alle samband der det i dag er betaling med ei sone.

---

<sup>4</sup> Rute 1142 Geiranger-Hellesylt er ikkje med i grunnlaget, då fylkeskommunen ikkje har eit inntektsansvar for sambandet frå 2024.

Berekning på årseffekt for auka takstsone er basert på trafikkta<sup>5</sup> for 2023, korrigert for trafikkveksten så langt i 2024 (jan-mai) og autopassregulativ frå 01.01.2024. Det vil gi 16,1 mill. kroner meir billettinntekter til fylkeskommunen

**Konsekvens:**

Ferjereiser er mykje billigare no enn i 2019. For ein reisande på sambandet Sølsnes-Åfarnes, som køyrer eit konvensjonelt køyretøy under 6 meter, er prisen hausten 2024 (før takstauke) 38 kroner (inkl. moms) etter rabatt. Etter takstauke vil den vere 41 kroner (aukar med 3 kroner).

For nullutsleppskøyretøy er det i dag 30 prosent rabatt på taksten for konvensjonelle køyretøy. Nullutsleppskøyretøy på sambandet Sølsnes-Åfarnes vil gå frå 26,60 kroner til 28,70 kroner etter rabatt (aukar med 2,10 kroner).

Dette tiltaket vil ikkje gi ein effekt på dei frie rammeoverføringane Møre og Romsdal får gjennom inntektssystemet til fylkeskommunane.

#### **A8.8 5 takstsoner for turistar på gratissamband og Eidsdal-Linge mai-aug**

**Omtale:**

I fylkestinget i april, i sak 13/24 «Innsparingskrav 2024», ba fylkestinget om at det vert førebudd ei sak knytt til takstendring i ruter som er sterkt belasta gjennom turistsesongen. I PS-13/24 vart det gitt mynde til fylkesutvalet om å kunne gjere eit vedtak om ei slik ordning allereie frå sommaren 2024.

Det har vore ei sterk auke i talet køyretøy som nyttar gratissambanda i fylket. Så langt i år (jan-juli) så har talet køyretøy auka med 73.000, som er 13 prosent over nivået i fjor på desse sambanda. Talet gjenstående køyretøy auka også i same periode. Fram til juli 2024, har det vore ei auke på 193 gjenstående køyretøy samanlikna med 2023.

For å sikre finansieringa av ein tilstrekkeleg kapasitet for dei fastbuande, vert det innført turisttakst i perioden mai-august på alle gratissambanda i fylket og rute 1054 Eidsdal-Linge. Denne turist-taksten ligg 5 takstsoner over den opphavelige taksten. For gratissambanda er det taksten som gjaldt før sambandet (og strekningane) vart gratis, og for rute 1054 Eidsdal Linge er den originale takstsona lik 4. Det vil gi 11,3 mill. kroner meir billettinntekter til fylkeskommunen

Alle reisande med innbyggjar/pendlarpass skal betale lik takst som gjeld resten av året (september-april). Det vil si at for desse reisande vil tilbodet framleis vere gratis på gratissambanda, og takstsona på rute 1054 Eidsdal-Linge er lik 4.

Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med å undersøkje praktiske og tekniske løysningar opp mot Skyttel og dei kommunane det gjeld, knytt til administrasjon av turisttaksten.

---

<sup>5</sup> Rute 1142 Geiranger-Hellesylt er ikkje med i grunnlaget, då fylkeskommunen ikkje har eit inntektsansvar for sambandet frå 2024.

**Konsekvens:**

Turisttakst på gratisambanda og rute 1054 leiar til:

- 1) Sikrere plass for dei fastbuande som nyttar tilbodet i sitt daglege virke.
- 2) Ein dempar på den samla etterspørselen, slik at den vert meir i tråd med det tilbodet som vert gitt på dei aktuelle sambanda.
- 3) At turistarturistane bidrar til å dekkje kostnadane knytt til ferjetilbod som tar i vare turisttrafikken.

Formålet bak innføringa av gratisferjer var å redusere ansvarsulempene og dei høge transportkostnadane til dei fastbuande på øyar og i samfunn utan alternative vegsamband. Per no, har tiltaket leia til auka trafikk, der dagens etterspørsel og kapasitet på sikt kan leie til at fastbuande ikkje kjem seg med på ferjeavgangane som følge av sprengd kapasitet. Det er difor, etter Møre og Romsdal fylkeskommune sin meining, «særskilte trafikale forhold», jf Kommuneproposisjonen 2025: Prop 102S, som leiar til at fylkeskommunen, kan regulere trafikkmengda i sumarhalvåret gjennom takstvirkemiddel.

Dette er også i tråd med dei reguleringane som ligg i veglova §27-2 knytt til takstar på bomveg. Her kan bomtakstane ha «*særskilde ordningar [...] ut frå omsyn til transportløysingane i området, bruken av arealet, lokalmiljøet eller liknande*» .

Som følge av fartsområda som ferjesambanda opererer i, så er det rute 1051 Småge - Orta - Finnøya - Sandøya – Ona som vil få den høgste innplasseringa i Autopass sitt sonesystem etter innføringa av turisttakst. Given gjeldande Autopassregulativ f.o.m. 1. januar 2024, så vil ein turist på strekninga Småge-Ona, som køyrer eit konvensjonelt køyretøy under 6 meter, betale 76 kroner etter rabatt. Turistar med nullutslepps-køyretøy (under 6 meter) vil på denne strekninga betale 53,20 kroner.

Taksten blir følgende (opprinnelig takst på sambandene pluss 5 takstsoner):

Takstzone for dei **utan** innbyggjar/pendlarpass

**1049 Hundeidvika–Festøya**

Festøya - Hundeidvika	10
Hundeidvika- Festøya	10

**1050 Molde - Sekken**

Molde - Sekken	17
Sekken- Molde	17

**1054 Eidsdal - Linge**

Eidsdal - Linge	9
Linge - Eidsdal	9

**1051 Småge - Orta - Finnøya - Sandøya - Ona**

Småge - Orta	12
Småge - Finnøya	20
Småge - Sandøya	19
Småge - Ona	20
Orta - Finnøya	13
Orta - Sandøya	12
Orta - Ona	19
Finnøya - Sandøya	10

Finnøya - Ona	15
Sandøya - Ona	12

**1056 Brattvåg - Dryna**

Brattvåg - Dryna	12
Dryna - Brattvåg	12

**1058 Solholmen - Mordalsvågen**

Mordalsvågen-Solholmen	8
Solholmen-Mordalsvågen	8

**1059 Aukra - Hollingsholmen**

Aukra - Hollingsholmen	8
Hollingsholmen - Aukra	8

**1062 Arasvika - Hennset**

Arasvika - Hennset	9
Hennset - Arasvika	9

**1064 Edøya - Sandvika**

Edøy - Sandvika	11
Sandvika - Edøy	11

**1066 Larsnes - Åram - Voksa - Kvamsøya**

Larsnes - Åram	5
Larsnes - Voksa	11

Larsnes - Kvamsøya	13
--------------------	----

Åram - Voksa	8
--------------	---

Åram - Kvamsøya	10
-----------------	----

Voksa - Kvamsøya	9
------------------	---

**1135 Sæbø - Leknes**

Leknes - Sæbø	9
---------------	---

Sæbø-Leknes	9
-------------	---

**1136 Standal-Trandal-Sæbø-Skår-Valderøya-Store**

<b>Kalvøy</b>	
---------------	--

Leknes - Sæbø	9
---------------	---

Skår - Standal	17
----------------	----

Sæbø - Skår	10
-------------	----

Skår - Trandal	14
----------------	----

Sæbø - Standal	14
----------------	----

Standal - Trandal	10
-------------------	----

Sæbø - Trandal	12
----------------	----

Store Kalvøy-Valderøya	11
------------------------	----

Leknes-Trandal	12
----------------	----

Leknes-Skår	8
-------------	---



Takstzone for dei **med** innbyggjar/pendlarpass

**1049 Hundeidvika–Festøya**

Festøya - Hundeidvika	0
Hundeidvika- Festøya	0

**1050 Molde - Sekken**

Molde - Sekken	0
Sekken- Molde	0

**1054 Eidsdal - Linge**

Eidsdal - Linge	4
Linge - Eidsdal	4

**1051 Småge - Orta - Finnøya - Sandøya - Ona**

Småge - Orta	0
Småge - Finnøya	0
Småge - Sandøya	0
Småge - Ona	0
Orta - Finnøya	0
Orta - Sandøya	0
Orta - Ona	0
Finnøya - Sandøya	0

Finnøya - Ona	0
Sandøya - Ona	0

**1056 Brattvåg - Dryna**

Brattvåg - Dryna	0
Dryna - Brattvåg	0

**1058 Solholmen - Mordalsvågen**

Mordalsvågen-Solholmen	0
Solholmen-Mordalsvågen	0

**1059 Aukra - Hollingsholmen**

Aukra - Hollingsholmen	0
Hollingsholmen - Aukra	0

**1062 Arasvika - Hennset**

Arasvika - Hennset	0
Hennset - Arasvika	0

**1064 Edøya - Sandvika**

Edøy - Sandvika	0
Sandvika - Edøy	0

**1066 Larsnes - Åram - Voksa - Kvamsøya**

Larsnes - Åram	5
Larsnes - Voksa	0
Larsnes - Kvamsøya	0
Åram - Voksa	0
Åram - Kvamsøya	0
Voksa - Kvamsøya	0

**1135 Sæbø - Leknes**

Leknes - Sæbø	0
Sæbø-Leknes	0

**1136 Standal-Trandal-Sæbø-Skår-Valderøya-Store Kalvøy**

Leknes - Sæbø	0
Skår - Standal	0
Sæbø - Skår	0
Skår - Trandal	0
Sæbø - Standal	0
Standal - Trandal	0
Sæbø - Trandal	0
Store Kalvøy-Valderøya	0
Leknes-Trandal	0
Leknes-Skår	0

## A8.9 Endring i FRAM Ung

### Omtale:

I SA-52/23 «Takstsak 2024» er det laga ei oversikt over pris på FRAM Ung, samanlikna med andre område. Oversikta viser at FRAM ligg i det nedre nivå når det gjeld pris, men også med høgst øvre aldersgrense. Der ungdomskorta i andre område vanlegvis har ei aldersgrense på 19 år, så gjeld FRAM Ung for ungdom og unge vaksne til og med 24 år. Dette er den høgste aldersgrensa i landet. 10 av 13 fylker opererer med ei øvre aldersgrense på 19 år. FRAM ønskjer no om å redusere øvre aldersgrense til 19 år, som er i tråd med kva som vert praktisert i dei fleste fylkeskommunane, og [føringane frå regjeringa](#).

Sal av periodebillett «Barn 1 sone» har dei siste åra auka, mens sal av FRAM Ung produktet har gått ned. Årsaka er nok at det er innført store soner og at reisebehovet til ungdom ikkje gjeld heile fylket, men heller nærområda.

Fylkestinget har i dei seinaste åra sine økonomiplanar, gjort vedtak om å ikkje justere periodebillett FRAM Ung i tråd med konsumprisindeksen. Desse vedtaka har ikkje vore i tråd med Fylkeskommunedirektøren sin innstilling til økonomiplan, og det har heller ikkje blitt gjort ei inndecking av vedtaket knytt til venta mindreinntekter.

Fylkeskommunedirektøren ber no om å få løyve til å auke prisen på FRAM Ung med 20 prosent, noko som gir ein pris på 540 kroner. I økonomiplana leggest det opp til prisjustering i tråd med kommunal deflator som er 4,1 prosent på alle produkt innan buss. Dette betyr at det vert tilrådd at prisen på FRAM Ung samla sett blir justert med 24,1 prosent frå 1.1.2025, noko som gir ein pris på ca. 560 kroner.

### Konsekvens:

FRAM vil framleis gi eit tilbod til ungdommane i fylket, i tråd med dei nasjonale føringane og praksis i dei andre fylkeskommunane. Vi har, med omsyn til personvern, ikkje tal knytt til kvar aldersgruppe som nyttar produktet i dag. Det er difor, basert på konservative estimat satt ein meirinntekt på 300.000 kroner frå 2025, som følge av at dei reisande i gruppa frå 20år må over på andre produkt.

Auka pris på FRAM Ung vil gi om lag 1,7 mill. kroner meir i inntekter frå 2025. Det er då tatt høgde for at 50 prosent av kundane som kjøper FRAM Ung i dag vil gå over til å kjøpe vanlig periodebillett 30-dager pga. prisøkning (sidan behovet ikkje er for reiser i heile fylket).

Den positive konsekvensen av desse to endringane, er at det er enklare å velje riktig produkt. No er det ofte ei forvirring blant kundane om ein skal velje FRAM Ung eller FRAM Student (særleg når ein blir i student-alder).

## A8.10 Auke takst hurtigbåt

### Omtale:

Takstane for hurtigbåt vart oppjustert med 4,3 prosent frå 01.01.2024.

I sak T-47/23 "Ny takst- og sonestruktur for buss i Møre og Romsdal" blei det gjort ei svært forenkla utrekning på kva det ville koste å gje hurtigbåtreiser same prisstruktur som bussreiser, og følgje den same soneinndelinga. Kostnaden blei estimert til å vere på om lag 18 mill. kroner, gitt at talet på reiser er likt 2019-nivå. Fylkestinget vedtok å halde fram med

uendra prisstruktur for reiser med hurtigbåt.

Merk at Fylkestinget i same sak (T-47/23) vedtok: *Fylkestinget er bekymra for at takstar for hurtigbåt i fylket. Avstanden mellom buss, ferje og hurtigbåt er no blitt så stor at ein ber fylkeskommunedirektøren legge fram eiga sak for nye takstsonar for hurtigbåt.*

Det er svake tall på sal av periodebilletter på hurtigbåt i utgangspunktet, dette delvis på grunn av allereie høge priser samanlikna med buss. Ei forenkla utrekning på effekt av takstauke for periodeprodukta, viser eit potensial på inntektsauke på om lag 0,9 mill. kroner. Dette forutsett at det ikkje er avvisningseffekt i forhold til pris.

**Konsekvens:**

Inntektseffekten knytt til tiltaket om å auke takst på enkeltbillett og periodebillett for hurtigbåt er veldig usikker. Dette kjem av dei svake salstala i 2024. Det er krevjande å berekne korrekt avvisningseffekt med observert trafikkutvikling etter pandemien. FRAM anbefalar å auke prisen på hurtigbåtreiser i tråd med kommunal deflator på 4,1 prosent frå 1.1.2025.

#### **A8.11 Kutt til tilskotsordning Sundbåten**

**Omtale:**

Det vert betalt ut tilskudd på kr 299 917 til Sundbåten i Kristiansund. Sundbåten i Kristiansund trafikkerer mellom dei ulike "landa" i hamnebassenget i Kristiansund. Det kommunale Sundbåtvesenet får eit årleg tilskot til drifta av båten. Dei seinare åra har tilskotet blitt regulert med konsumprisindeks (KPI).

**Konsekvens:**

Det vil ikkje ha noko konsekvensar for FRAM om tilskotet til Sundbåten vert teke bort, men det kan skape utfordringar for det kommunale selskapet.

#### **A8.12 Reduksjon i rutetilbod på buss**

**Omtale:**

Vedtak om reduksjonane i PS- 13/24 «Innsparingskrav 2024», er no iverksett og gjennomført hos dei ulike operatørane. På bussområdet er derfor handlingsrommet frå tidlegare kuttsaker allereie brukt opp. FRAM har hausten 2024 kartlagt avgangar med lågt belegg, og der det er alternative reisetidpunkt/-ruter. Det er også kartlagt moglegheiter for reduksjon i ekstratilbodet knytt til Jazzfestivalen i Molde.

Desse forslaga om reduksjon har ikkje vore ute på høyring med aktuelle kommunar. Fylkeskommunedirektøren har derfor lagt inn verknad frå og med 1. januar 2026 med eit vedtak i Fylkestinget i desember.

Ved fleire av reduksjonane er innsparinga knytt til ruteløpet, så innsparinga vil berre bli realisert om alle avgangane i det tidsrommet den vekedagen vert kutta.

For nærare omtale av dei enkelte rutekutta vises det til vedlegg for oppsett høyring.

**Konsekvens:**

Reduksjon i rutetilbud vert ikkje gjort på dei avgangane der det er skoleskyss. Avgangane er i hovudsak knytt til kveldane.

Rutereduksjonen vil mellom anna være turistruta mellom Trollveggen og Geiranger. «Togbussen» mellom Ålesund og Åndalsnes vert fjerna på laurdagar, der det vil vere ein alternativ rute om Molde med bussbytte.

**A8.13 Nedkjøp i tenester og omfang på trafikkterminalar****Omtale:**

FRAM kjøper i dag terminaltenester med ulike aktørar i fylket. Det vil no bli gjort ei vurdering av tenestetilbodet ved terminalane, som i første runde vil gjelde Moa i Ålesund og bussterminalen i Molde. Dei resterande terminalane vil bli evaluert etterfølgjande.

Det vil mellom anna bli lagt opp til lik praksis på tvers av fylket. Det vil til dømes gjelde for billettkjøp, der dei reisande kjøper billett gjennom app eller hos sjåføren. Tilbodet om å kjøpe billett hos terminalane vil bli fjerna.

**Konsekvens:**

En reduksjon i terminaltenestene vil få konsekvensar for dei tilsette ved terminalane.

For dei reisande som har vane for å kjøpe billett over skranke, så vil dei no måtte kjøpe billetten hos sjåføren, gjennom app eller nettbutikk. For dei som ventar på bussen, så blir kvaliteten til dei tilgjengelege fasilitetane redusert.

**A8.14 Nedlegging av Tingvoll vgs (ses i sammenheng med A3.3 og A4.1)****Omtale:**

Sjå tiltak 4.1 for omtale.

**Konsekvens:**

Sjå tiltak 4.1 for konsekvens.

**A8.15 Reduksjon i opprusting og fornying av fylkesveg****Omtale:**

Midlar til opprusting og fornying av fylkesvegnettet gjer det mogleg å auke midlane som går til dekkelegging. Det er per i dag planlagt å bruke om lag 100 mill. kr av driftsbudsjettet til dekkelegging i 2025. Dette inkluderer delar av auka i statsbudsjettet til opprusting og fornying av fylkesvegar på 30,19 mill. kroner, som er lagt til ramma til samferdsel. Hovuddelen av auken er i 2025 tiltenkt forsterking av fylkesvegstrekingar. Frå og med 2026 er det planlagt at delar av midlane kan gå til oppstart utbetring av fv. 60, Tomasgard-Røyhus bru.

Hovuddelen av driftsbudsjettet på fylkesvegavdelinga er bunde opp i inngåtte fleirårige kontraktar for drift og vedlikehald av vegar, bruer, kaier og tunnelar. Dekkeleggingskontraktane blir inngått for berre eitt år i gongen. Det er derfor «enkelt» å auke eller kutte i planlagt dekkevedlikehald. Per dags dato, så har midlar til forsterking og fv. 60 heller ingen bindingar.

Fylkeskommunedirektøren foreslår i 2026 å trekke ut den ekstra tildelinga på 30,19 mill. kroner som vert lagt til ramma for samferdsel i 2025, då det ikkje er rom for å oppretthalde denne auken frå 2026. Tiltaket er ikkje i tråd med MRFK eller staten sine mål om å ta betre vare på eksisterande vegnett, men økonomien til fylkeskommunen gir ikkje rom for å oppretthalde auken.

**Konsekvens:**

Den direkte konsekvensen av kuttet er at det blir færre strekningar som blir dekkelagt i 2026 enn i 2025. Generelt er behovet for å unngå auke i etterslepet er om lag 250 mill. kroner i året. Kutt vil bety utsetjing av nødvendig dekkevedlikehald, auka vedlikehaldsetterslep og redusert finansiering til oppstart av fv. 60.

Vegnettet/strekningar med svært dårleg dekketilstand vil bli dyrare å drifte, og forbruket av salt og strømiddel vil auke. Reduserte rammer til opprusting og fornying av fylkesvegnettet vil gje redusert framkome og auke risikoen for trafikkulukker.